Arnold Dalen, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region.* Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Skrifter 2008, 3. Trondheim: Tapir 2008. 442 sider. ISBN 978-82-519-2330-9

Helge Sandøy: *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Novus 2011. 343 sider. ISBN 978-82-7099-612-4

Melde av Lars S. Vikør

Regional språkhistorie er eit nytt og (førebels?) sjeldsynt fenomen. Vanlegvis er disiplinen språkhistorie knytt til eit land, ein nasjon, eller eit språk(samfunn) som kan omfatte fleire land. Når språkbøker er regionale, handlar det stort sett om synkrone framstillingar av dialektar eller sosiolingvistiske problemstillingar.

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) i Trondheim, som på sett og vis grunnla norsk dialektforsking ved å gi Ivar Aasen arbeidsstipend til forskingsreisene hans på 1840-talet, har igjen spela pionerens rolle ved å finansiere ei regional språkhistorie for Trøndelag – eller for trøndersk. Landskapet Trøndelag og dialektgruppa trøndersk overlappar ikkje kvarandre heilt, det kjem eg straks tilbake til. Prosjektet har munna ut i eit gedigent bokverk med fem forfattarar: dialektologveteranen Arnold Dalen, norrønfilologen Jan Ragnar Hagland, den unge sosiolingvisten Stian Hårstad, samisk-eksperten Håkan Rydving, og namnegranskaren Ola Stemshaug, alle frå nordiskmiljøet ved NTNU i Trondheim (unnateke Rydving, som arbeider på Universitetet i Bergen). Med det skulle ekspertisen vere sikra i alle relevante disiplinar.

Få år seinare har så romsdalingen Helge Sandøy ved Universitetet i Bergen gitt ut ei like gedigen romsdalsk språkhistorie. Hans fagbakgrunn er primært dialektologi, men kompetansen hans strekkjer seg ut i ulike retningar, særleg sosiolingvistikk og språkhistorie. Han dekkjer altså også sjølve kjerneområdet for disiplinen regional språkhistorie, som vart presentert for første gong på eit seminar i DKNVS-regi i Trondheim i 2005 (Hagland 2006) – der nettopp Sandøy var ein av dei som introduserte dette forskingsfeltet ved sida av Hagland og den svenske eksperten Lars-Erik Edlund.

Trass i denne faglege parallelliteten er dei to bøkene lagde opp og disponerte på heilt ulike måtar. Eg omtalar dei kvar for seg.

Trøndersk språkhistorie

Dette verket er delt i fire hovuddelar (etter ei kort generell innleiing og ei forklaring av lydskrifta). Del 1 er den lengste, nesten 250 sider; den handlar om trøndermåla frå vår tid tilbake til reformasjonen, med Arnold Dalen som hovudforfattar. Han skriv om talespråket, dei fonologiske og morfologiske tilhøva. Kortare skriv Hagland om skriftspråkshistoria frå 1850 av, særleg skolemålet, som har vore mye av ei stridssak. Stemshaug får sytti sider om namn, og Dalen til slutt knapt 25 sider om ordtilfanget i trønderdialektane.

Del 2, på ca. hundre sider, handlar om mellomalderen. Her er Hagland hovudforfattaren, mens Stemshaug får tretti sider om namn. Del 3 (40 sider) er Rydvings og handlar om sørsamisk: talespråksutvikling, namn og ordtilfang. Så får Hårstad til slutt del 4: 25 sider om samtida, der han både behandlar talemålsutviklinga, skriftmålsstoda og utviklinga av det moderne fleirspråklege samfunnet. Heile verket er skrive på nynorsk.

Eg var inne på dette med begrepsavgrensinga. Dette er ei språkhistorie om både Trøndelag og trøndersk. Trøndersk omfattar også språket på Nordmøre, som derfor er inkludert i framstillinga. Men i Trøndelag hører sørsamisk med like naturleg som trøndersk, og det er ei stor forteneste ved dette verket at også dette språket får ei så grundig behandling.

Eit metodisk grep som med ein gong fell i auga, er baklengsrørsla i historia. Periodeframstillingane startar ved eit kronologisk sluttpunkt og rykkjer så attende til eit startpunkt. Dette er felles for heile boka unnateke, av opplagde grunnar, Hårstads artikkel. Det kan vere ein god ting på denne måten å begynne med det landskapet lesaren kjenner best og så flytte seg gradvis utover mot det mindre kjende. Men likevel verkar det mest parodisk med kapitteltitlar som "Perioden frå ca. 1850 til reformasjonen" og "Sider ved bruk av skriftspråk frå ca. 2000 til ca. 1850" og "Tida frå reformasjonen til midten av 1200-talet". Også i dette oppsettet kunne ein heller ha skrive "Perioden frå reformasjonen til ca. 1850" osv.

Med så gjort går eg litt meir inn på hovuddelane av verket. Hovudtyngda ligg på Dalens utgreiing om talemålsutviklinga tilbake til 1500-talet. Han gir først eit synkront snitt i det som rundt 1950 kunne kallast etablerte trønderdialektar, trekk for trekk. Så går han tilbake til 1850, der Aasen er hovudkjelda, og finn ikkje særleg mange endringar der. Men han gir særlege beskrivingar av bymåla, spesielt Trondheimsmålet.

Så tek han ein sveip på tre hundre år. Da blir kjeldesituasjonen eit sentralt tema, og her er vi så heldige at vi har nokre gode kjelder til trøndermålet, ikkje minst Trondheimsmålet, for fire hundre år sidan. Den viktigaste kjelda for det gamle bymålet i Trondheim, er Hans Olufsen Nysted (1664–1740), som Dalen har arbeidd mye med. Gjennom hans nedteikningar kan vi danne oss eit godt bilete av ein bydialekt som langt på veg likna på bygdedialektane i området slik dei framleis er i sine eldste lag, og Dalen gjer ein grundig gjennomgang etter først å ha sett på dialektformingsprosessen på Røros og i Kristiansund. Bolken blir avslutta med ei jamføring av trøndersk og dei nærliggjande dialektgruppene austlandsk og nordnorsk, og framfor alt jamføringa med målet i Jemtland og Herjedalen er interessant; Dalen får fram korleis målføra i desse grenseområda har dregest mellom svensk og norsk.

Det er ikkje mange kritiske merknader ein kan gjere til dette; dei måtte i tilfelle gå på emne som ikkje er med, og ikkje på det som står. Eitt sentralt trøndersk målføretrekk som ikkje blir nemnt, og som også er underbelyst eller knapt nok belyst i dialektlitteraturen i det heile, er bruken av bestemtheitssuffiks i substantiverte adjektiv og (adjektiviske) pronomen: *den storin, di førstan, di anneran*. Det kunne ha vore interessant å få gått opp dei språkhistoriske spora av dette fenomenet.

Stemshaug skriv i namnekapitlet sitt i del 1 både om stadnamn og personnamn, og han legg det breitt opp: Moderne namnetypar som gatenamn, bynamn (og dei heftige stridane om somme av desse) får like stor plass som dei tradisjonelle gardsnamna, og under personnamn skriv han både om ordinære fornamn og etternamn, om dobbeltnamn og om tilnamn. Dessutan behandlar han innbyggjarnamn og dyrenamn og andre namnetypar som båtnamn, avisnamn, namn på lag og bedrifter. Vi får såleis ein brei "namneprofil" av eit moderne samfunn.

Til slutt i del 1 skriv Dalen om ordtilfanget, som forsåvidt kunne ha vore plassert like etter dei lange bolkane om dialektstrukturen. Her får vi ei svært stoff- og eksempelrik framstilling av den mellomstillinga Trøndelag står i mellom to ordgeografiske hovudområde, eit sørleg og

eit nordleg, rikeleg illustrert med kart over utbreiinga av enkeltord for utvalde omgrep. Også her får vi ei interessant, om enn stutt, belysning av sambandet austover til Jemtland og Herjedalen, og vi får presentert ein del eldre utanlandske, særleg franske, innslag i ordtilfanget, og dei tre keltiske (irske) lånorda vi kjenner til (*kru*, *skjak* og *sorn*) får særleg omtale (s. 247).

Haglands kapittel om mellomalderen i del 2 er også rikt. Han tek utgangspunkt i diplommaterialet frå bestemte tiår i kvart hundreår i seinmellomalderen, og gir eit portrett av skriftspråket i samtida ut frå det; tekstene han baserer seg på, blir gjengitt i tre versjonar: unormalisert, i normalisert norrøn språkform, og i ei moderne omsetjing. Overskrifta på kapittelet er "Tida frå reformasjonen til midten av 1200-talet", men han går lenger bakover og beskriv både handskrifthistoria før 1250 og også runehistoria tilbake til urnordisk tid. Men ein må kunne stille spørsmålet – også ut frå denne framstillinga – om det i det heile er grunnlag for å skrive ei trøndersk språkhistorie for denne perioden med dei skriftlege kjeldene som vi har frå den tida. Det gjeld særleg ordtilfanget, men òg formverket: Det kan verke som det er tilfeldig kva vi har belagt frå Trøndelag i forhold til det vi har frå resten av landet – slik at det vi får, er ei historie om skriftkultur i Trøndelag, eller rett og slett ei vanleg norsk språkhistorie med materiale frå Trøndelag, ikkje om trøndersk språk i perioden. Men den historia som blir fortald, er jo viktig nok i seg sjølv, som del av noregshistoria.

Namnekapitlet til Stemshaug blir kanskje meir konvensjonelt og mindre "sprelsk" enn det første bidraget hans når han går såpass langt tilbake i tid; da blir det naturleg nok meir vekt på tradisjonelle gardsnamn, topografiske namn og fornamn, som er det vi har best dokumentert i eldre tid.

Den sørsamiske delen er informativ og oversiktleg, også for oss som manglar kompetanse på dette feltet. Den blir innleidd med ei kort innføring i sørsamisk dialektlære og får så liksom resten av boka form av ei generell språkhistorie bakover i tida, med særlege kapittel om namn (stadnamn og personnamn) og ordtilfang (tradisjonelle terminologiar (reinternar og snøtermar) og nyord (både innlånte og nylaga)).

Hårstads sluttkapittel er altså ikkje stort, men likevel stoffrikt. Han gir ei oversikt over viktige drag i talemålet som no er utsette for endringsprosessar, og kjem òg inn på det litt betente spørsmålet om vi her har å gjere med regionalisering basert på Trondheimsmålet eller meir direkte

påverknad frå søraustlandsk, eller begge delar (der Trondheim også kan vere "agent" for Oslo i ein tostegsproess). Han gir ei balansert drøfting og landar på ein forsiktig "både-og"-konklusjon. I framtida ser han for seg ein langsam homogeniseringsprosess i retning av eit fellestrøndersk, men tviler på at denne prosessen vil nå eit "sluttpunkt", og opnar for at han kan avløysast eller forseinkast av ny "dialektvitalisering". Meir eintydig (og positivt) ser han for seg framtida til sørsamisk, der han skildrar dei nyaste tendensane til vitalisering, både i politikken i stort og i den aukande bevisstgjeringa på grasrota.

Romsdalsk språkhistorie

Helge Sandøy har ein heilt annan disposisjon i *Romsdalsk språkhistorie*. Den er overordna kronologisk, og da i "rett" rekkjefølgje, "frå runer til sms", som han seier i undertittelen på boka. Alle delemna som språkhistoria omfattar, integrerer han så i periodekapitla, og det etter ein fast mal: Først den allmennhistoriske bakgrunnen, så kjeldene, deriblant stadnamntilfanget (når det gjeld dei eldre periodane), så kjem sjølve kjernedelen: dei språklege detaljendringane trekk for trekk, og så går han "utover" til samfunnet att: språkkulturen med beskriving av den språksosiale infrastrukturen i samfunnet, ideologiske mønster, og personnamnbruk, som her blir behandla meir som ein type sosiale enn språklege data. Heilt sist i kvart periodekapittel kjem så temaet språkkontakt – både romsdalingane imellom og med andre språkbrukarar innan- og utanlands. Framvoksteren av Molde og dei nye språkmønstra som bysamfunnet utviklar, kjem inn som eit viktig emne på slutten.

Framstillinga blir ramma inn av to korte startkapittel og eit enda kortare sluttkapittel. Først blir dialektbegrepet presentert, problematisert og drøfta, og så blir dei språkgeografiske mønstra i Romsdal skisserte; Sandøy reknar med fire "underdialektar" attåt Moldedialekten. Til slutt kjem eit kort oppsummeringskapittel der Sandøy eksperimenterer med å "måle" endringsfarten i språket, ved å setje opp ei tekst på eit rekonstruert "gammalromsdalsk" (1250), tradisjonell dialekt (1800) og moderne romsdalsk (2000). Ved å telje detaljendringane kjem han til at det frå 1250 til 1800 skjedde sju endringar gjennomsnittleg (i eksempelteksta) pr. hundreår, mens det frå 1800 til i dag berre har skjedd fire endringar

pr. hundreår. Såleis prøver han på pedagogisk vis å relativere førestillingane om dei lynraske språkendringane vi nolevande er vitne til.

Periodeinndelinga til Sandøy er meir historisk enn språkleg basert, men resultatet ville vel blitt nokolunde det same uansett. Det er førhistorisk (eller heller "førskriftleg") tid ("Eldste spora"), mellomalderen ("Romsdalsken i støypeskeia"), dansketida 1500–1800 ("Den nye tida etter 1500"), 1800-talet ("Nasjonen skal byggast") og 1900-talet ("Den moderne tida"). Boka har tekster på dialekt eller med dialektinnslag frå alle periodane der slike er overleverte, sjølv om mellomaldertekstene også hos han blir forsynt med både ein normalisert versjon på gammalnorsk og ei omsetjing til nynorsk. Dei blir da utgangspunkt for framstillingane av språkendringar i det som følgjer innanfor kvart kapittel. Heilt sist i boka har Sandøy teke med ei oversikt over Norvegia-teikn som er brukte i dialektattgjevinga.

Sandøy har hatt fordelen av å beskrive eit ganske avgrensa, homogent og oversiktleg dialektområde, som han kjenner intimt både gjennom eigen bakgrunn og oppvekst, som stø og konsekvent dialektbrukar sjølv gjennom heile livet, og som mangeårig forskar og spesialist på emnet. Dermed kan vi seie at neppe noka norsk – eller ikkje-norsk – dialekt kan ha fått eit så rikt og gedigent portrett som romsdalsk no har, og det er sjeldan det er blitt så godt demonstrert kor viktig det er å "brette ut" dialektar på brei front og i detalj i alle sine aspekt for den som ønskjer ei allsidig belysning også av det samfunnet dialekten blir brukt i og endrar seg i. Dei tre romsdalskommunane som – saman med den relevante fylkeskommunen – har gitt tilskot til boka, har fått att store verdiar for noko eg reknar med har vore ein billeg penge.

Konklusjon

Regional språkhistorie ser ut til å kunne bli ein fruktbar disiplin, slik begge desse bøkene ber bod om, så det er å håpe at ekspertar på dette feltet også i andre landsdelar blir inspirerte til liknande prosjekt. På sett og vis blir strukturen litt motsett den vi vanlegvis finn i den nasjonale norske språkhistoria, der hovudaksenten fell på den indre språkhistoria i eldre tid, den ytre (språkpolitiske) i nyare tid – med dansketida som skilje. For den regionale språkhistoria ser det ut til at den eldre delen er mest "ytre" basert på eit avgrensa skriftleg kjeldetilfang som fører forska-

rane til dei overordna språksosiologiske og språkkulturelle aspekta, mens den yngre er mest "indre", med vekt på endringane i sjølve språket, i og med at vi der har meir konkrete data om dette, og at dei språkpolitiske aspekta primært gjer seg gjeldande på nasjonalt plan og mindre på det lokale. Men dette er berre hovudtendensar; skolemålsproblematikken, til dømes, er jo lokal og nasjonal på same tid.

Jamfører ein dei to bøkene ut over det eg alt har gjort, så kan ein peike på at Sandøy integrerer språkhistoria sterkare i allmennhistoria enn *Trøndersk språkhistorie* gjer. Det kan ha fleire grunnar: Det trønderske språkmangfaldet kan ha vanskeleggjort ei slik utviding av perspektivet, mens det har vore ei meir greiskoren sak i det meir avgrensa og homogene Romsdal. Det kan òg komme av at trøndersk allmennhistorie, som er ein viktig del av rikssoga, er meir kjend og betre beskriven frå før i lettilgjengelege, men grundige, bokverk enn den romsdalske.

Litteratur

Hagland, Jan Ragnar (red.) 2006: *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005.* DKNVS Skrifter 2006, 1. Trondheim: Tapir.

Lars S. Vikør
Universitetet i Oslo
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Postboks 1102 Blindern
0317 Oslo
l.s.vikor@iln.uio.no